



Hordaland Fylkeskommune

Referanser:

Dykkar: 2014/13889

Vår: 16/3948 - 17/10062

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

30.03.2017

Søknad om fylkeskommunale midlar til tiltak på fylkesveg

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 027/17 | Formannskapet | PS | 23.03.2017 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|------------------|------------|
| Irene Wilhelmsen | 16/3948 |

Søknad om fylkeskommunale midlar til tiltak på fylkesveg

Vedlegg :

Forslag til tiltak ein kan søkje midlar til på fylkesvegBrev. Tilskotsmidlar til punktutbetring og trygge skulevegar_søknadsfrist 1. april 2017 (L)(242492)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Lindås kommune vedtar å søkje på dei prosjekta som er omtala i saka.
-

Formannskapet - 027/17

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg, men i prioritert rekkefølgje:

- Fullføre fortau frå Seim skule til Strilatun.
- Fortau mellom Kleivdalsvegen og Apalen bustadfelt.

Framlegget vart samråystes vedteke.

FO - vedtak:

Lindås kommune vedtar å søkje på dei prosjekta som er omtala i saka prioritert i følgjande rekkefølgje

- Fullføre fortau frå Seim skule til Strilatun.
- Fortau mellom Kleivdalsvegen og Apalen bustadfelt.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune vedtok på fylkestinget 07.03.2017 at 20 millionar kroner skal nyttast som tilskotsordning for trafikksikringstiltak, punktutbetring og trygg skuleveg, i 2017. Tiltaka skal være på fylkesveg og det er kommunane som skal søkje og ha ansvar for å utføre dersom midlane vert tildelt.

Krav til tiltaket:

- Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.
- Tiltaket bør ferdigstillast i løpet av 2017.
- Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.
- Ferdig planlagte prosjekt vil verte prioritert.
- Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.
- Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.
- Tilskotssummen kan vere på inntil 4 mill. kr.
- Tiltaka kan ha kommunal medfinansiering. Dette må i tilfellet opplysast om i søknaden.

Dersom det er gode grunnar for det kan tiltaket vere toårig, det vil seie at det vert ferdigstilt i 2018. Midlane vert utbetalta ved ferdigstilling. Bakrunnen for dette er at det kan verte krevjande å få gjennomført tiltaket innan 2017.

Vurdering

Administrasjonen ynskjer å gjere politikarane merksame på at om Lindås kommune søker om tilskot til utbetring av fylkesveg, vil det krevje bruk av kommunale ressursar. Det er krav i tildelingskriteria at kommunen skal vere byggherre i prosjektet og det vil krevje tett oppfylgjing både i byggeperioden og i etterkant.

Ein del av tilskotsmidlane vil måtte gå til prosjektleiing eller Lindås kommune dekkjer kostnaden med å leige inn personale til leiing og oppfylgjing av prosjektet.

Prioritering av desse prosjekta kan gå ut over utføring og framdrift for kommunale prosjekt.

Administrasjonen har gått gjennom moglege tiltak på fylkesvegane i Lindås kommune og komme fram til at det er 2 stader ein har kostnadsoverslag klar for å kunne søkje midlar.

Dei 2 tiltaka er:

- Fullføre fortau frå Seim skule til Strilatun.

Kostnadsoverslag: kr 2.950.000,- (eks. MVA)

Kostnadsoverslaget er utarbeida i mars 2017 av ing. Stein Hallgren.

- Fortau mellom Kleivdalsvegen og Apalen bustadfelt.

Kostnadsoverslag: kr 11.850.000,- (eks. MVA)

Kostnadsoverslaget er utarbeida av Haugen vva, 10.03.2017 på oppdrag frå utbyggjarane i Hjelmåsen AS og Apalen sør AS.

Vedlagt ligg eit dokument som beskriv desse 2 tiltaka samt andre tiltak som kan være aktuelle i åra framover.

For begge tiltaka må ein søkje maks sum på kr. 4.000.000,-.

.....